



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 987 669 586
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTELSEN MUSEUM VEST
Forretningsadresse: Lyngneset 4A
5302 STRUSSHAMN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Øyvind Stang
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 22.02.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 05.03.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		5 052 609	4 083 771
Billettinntekter m.m.		6 125 140	2 504 087
Offentlige driftstilskudd	2	58 090 000	58 974 116
Prosjektinntekter	3	16 291 319	8 935 876
Leieinntekter		837 726	754 425
Annen driftsinntekt		5 196 140	5 407 887
Sum inntekter	4	91 592 934	80 660 164
Kostnader			
Varekostnad		2 209 503	1 337 472
Lønn og sosiale kostnader	5, 11	47 530 947	44 979 489
Ordinære av- og nedskrivninger	1, 6	1 757 050	1 737 966
Kostnader lokaler	3	16 603 957	10 293 479
Husleiekostnader		8 628 324	8 299 375
Kontor- og administrasjonskostnader	5	10 528 146	9 503 879
Kostnader samlinger og utstillinger m.m		4 226 229	4 763 608
Prosjektilskudd til andre		654 050	259 500
Sum kostnader		92 138 207	81 174 768
Driftsresultat		-545 273	-514 605
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		319 692	96 844
Annen finansinntekt		11 822	7 567
Sum finansinntekter		331 514	104 411
Annen finanskostnad		10 209	14 410
Sum finanskostnader		10 209	14 410
Netto finans		321 304	90 001
Ordinært resultat før skattekostnad		-223 968	-424 604
Ordinært resultat etter skattekostnad		-223 968	-424 604



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Årsresultat		-223 968	-424 604
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-223 968	-424 604
Totalresultat		-223 968	-424 604
Overføringer og disponeringer			
Udekket tap		-2 180 795	-78 260
Overført annen egenkapital		1 956 827	-346 344
Sum overføringer og disponeringer		-223 968	-424 604



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Immaterielle eiendeler	1, 10		
Varige driftsmidler			
Inventar og utstyr		843 088	337 164
"Utstilling Sandviksboder"		4 210 000	5 671 000
Sum varige driftsmidler	1, 6	5 053 088	6 008 164
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		51 000	51 000
Egenkapitalinnskudd i KLP	7	885 343	777 399
Sum finansielle anleggsmidler		936 343	828 399
Sum anleggsmidler		5 989 431	6 836 563
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	1	1 624 698	1 772 478
Fordringer			
Kundefordringer		2 040 875	847 833
Andre kortsiktige fordringer		4 832 577	3 807 457
Sum fordringer	1	6 873 452	4 655 291
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd og kontanter	8	29 240 383	32 555 374
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		29 240 383	32 555 374
Sum omløpsmidler		37 738 533	38 983 143
SUM EIENDELER		43 727 964	45 819 706

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital		50 000	50 000
Sum innskutt egenkapital		50 000	50 000
Opptjent egenkapital			
Egenkapital disponert til "Krigshistorisk Veibok"		100 000	100 000
Egenkapital disponert til fond		3 875 218	6 056 013
Udekket tap			1 956 827
Sum opptjent egenkapital		3 975 218	4 199 186
Sum egenkapital	9	4 025 218	4 249 186
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	7	12 952 242	11 716 395
Periodiserte tilskudd og avsetninger	10	11 163 605	13 643 981
Tilskudd aktiverte utstillinger	6	3 440 000	4 681 000
Sum avsetninger for forpliktelser		27 555 847	30 041 376
Annen langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		27 555 847	30 041 376
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 620 115	4 286 555
Skyldig skattetrekk og offentlige avgifter		3 295 084	2 978 435
Skyldige feriepenger og lønn		3 906 528	3 678 623
Annen kortsiktig gjeld		325 173	585 531
Sum kortsiktig gjeld		12 146 899	11 529 144
Sum gjeld		39 702 746	41 570 519
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		43 727 964	45 819 706




Årsregnskap 2022

Stiftelsen Museum Vest

Styrets årsberetning
Resultatregnskap
Balanse
Kontantstrøm
Noter
Revisjonsberetning

Org.nr.: 987 669 586



ÅRSMELDING

STIFTELSEN MUSEUM VEST

—
2022



2022

1.SKILDRING AV VERKSEMDA OG SKILDRING AV KVAR VERKSEMDA VERT DRIVE

Museum Vest (MV) består av åtte besøksarenaer og desse er referert til med forkortingar:

Herdla Museum (HM), Nordsjøfartsmuseet i Telavåg (NMT), Fjell festning (FF), Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene (DHM), Bjørn West Museet (BWM), Norges Fiskerimuseum (NFM), Kystmuseet i Øygarden (KIØ) og Bergens Sjøfartsmuseum (BSJ).

I tillegg har Museum Vest to fellesavdelingar; Administrasjonen og Felleseininga.

Museum Vest er eit regionmuseum for kommunane Øygarden, Askøy, Masfjorden og Bergen kommune. Samtidig er Museum Vest eit tematisk museum der den faglege profilen utgår frå avdelingane sitt hovudfelt. Profilen utgjer tre hovudtema:

Sjøfarts- og fiskerihistorie, havbruk og handel inkludert hanseatane si historie.

Krig- og okkupasjon, forsvarshistorie og menneskerettar.

Kystkultur med fokus på energihistorie.



Skildring av
VERKSEMDA



For 2022

BLIR FØLGANDE RAPPORTERT:

Kystmuseet i Øygarden har arbeidd med ferdigstilling av utstillingane. Dette arbeidet heldt fram hausten 2022, og er venta ferdig snarleg. Nytt spel om energi er på plass, og utviklinga av Taremare Hav – og berekraftssenter kom godt i gong.

I august gjennomførte vi ein flott ny konsert med Vamp, og hadde fleire mindre konsertar i både Taremare og i kafeen i hovudbygget.

Vi hadde blant anna tilbod for born i alle feriane, men litt færre besøk knytt til skular enn normalår. Vi hadde Vil vite, fiskeforskaraskule, leirskule, besøk på visningscenteret for laks, skulebesøk med undervisning.

Det vart i tillegg arrangert halloween på museet, julegrantenning og juleverkstad. Forteljarkvelden vart revitalisert med lokalhistoriske tema, og hadde stor tilstrøyming av publikum.

Internasjonale grupper/gjestar var tilbake, om enn noko redusert. Alt i alt hadde museet eit godt år, både når det gjeld gjestar og aktivitet, og er tilbake til normal drift etter pandemien.



Fjell festning: Som ein annan del av prosjektet «Museene og fellesskapets grenser» i regi av Det nasjonale nettverket for demokrati og menneskerettigheter, blei konferansen om mellom anna demokratiet sine yttergrenser og musea sin samfunnsrolle gjennomført digitalt i februar 2022.

Dei har arbeidd med ei VR-løysing knytt til Kulturråd-prosjektet "Fire møte". Ein beta-versjon av denne løysinga blei klar i desember 2022.

Samarbeidet med Fjell ungdomsskule resulterte i ei felles utstilling med tema knytt til menneskerettar og denne vart opna i mai. Det blei sett i gong eit forprosjekt knytt til ei utandørsutstilling om dei sovjetiske krigsfangane. Utstillinga skal stå på Gjerdet kulturminnegard. Samarbeidet har fått støtte frå Bergesen stiftelsen og Øygarden kommune. Utover dette har vi hatt undervisning for born og unge, både tilreisande og lokale.

Vi utvida tilbodet vårt med omvising nede i anlegget ein ekstra dag i veka, torsdag, frå og med medio august og ut oktober.

Ei gruppe frivillige starta å byggja ein modell av skipet «Gneisenau» i 2021 og oppgradering av utstillinga om dette skipet vidareførte ein i 2022. Dei tilbyr digitale vandringar med appen Poplar og er aktive i SOME.



Nordsjøfartmuseet fekk ekstra midlar frå Øygarden kommune for å kunne realisere 25-årsjubileet i april 2023.

Prosjekt Kommandobunker har blitt vidareført. Det blei gjennomført dugnadsarbeid med montering av dører innvendig og rørleggjararbeid.

Ein har hatt møte med kommunen og byantikvar om tilbakeføring av fasade ved å etablere garasjeport og hatt synfaring med Forsvarsbygg for mogleg samarbeid om dokumentasjon og forvaltningsplan.


Den lokalhistoriske utstillinga "Sundsokningar i krig" blei ferdigstilt og utstilt på Sund senter sommaren 2022.

Museet hadde undervisning for born og unge på barne- og ungdomsskulen og vidaregåande, i 2022 tok vi imot 1402 elevar, ein auke på 638 elevar frå 2021. Vi er då over 2019-nivå: 1007 elever.

NMT fortsette samarbeidet med "Hvite Busser", Aktive fredsreiser og Travelmate og tok i mot grupper på totalt 425 elevar frå aktørane i 2022. Det var to organiserte turar til lokale kulturminne og ein til kunstverket "Livets portal" i løpet av året. Vi markerte 8. mai med eige arrangement saman med Øygarden kommune.

Vi hadde eit arrangement for mottakar av Kongens fortjenstmedalje (Minda Telle Olsen), eit samarbeid mellom Øygarden kommune og museet. Foredrag på museet ved glaskunstnar Beate Einen knytt til "Livets portal"-avdukinga.

23.-26. juni var museet representert på Shetland, for overrekking av innsamla midlar til restaureringa av Kronprins Olavs slipp samt fornying av vennsavgift på kulturfeltet mellom Øygarden kommune, Nordsjøfartmuseet og fleire regionar på Shetland.



Ved **Bjørn West Museet** er visning av Infofilm/undervisning flytta frå hovudbygg til "båthus". Det er installert nytt visningsutstyr og lydanlegg. Det medfører også større måloppnåing i høve universell tilkomst. Eldre filmmateriale er digitalisert og gjort tilgjengeleg. Det er oppretta eit eige prosjekt for å laga nye utstillingar. Prosjektet er godt i gang og har vore arbeidd med siste halvdel av 2022. Ferdigstillinga av utstillingane vil halda fram våren 2023 og skal etter planen vera klar til sesongopning i mai.

Eit populært tilbod er guiding på strekninga mellom Bjørn West-museet og Stordalen fjellstove. I samarbeid med Visit Bergen er det publisert fjellturar på ulike nivå - i Bjørn West-styrken sine fotspor på Visit Bergen sine nettsider.

I mai hadde Bjørn West-museet ein temadag for alle ungdomskulane i Masfjorden. Dette var eit samarbeid med Rafto-stiftinga i Bergen og Masfjorden Sokneråd. Alle ungdomskuleelevane i Masfjorden kommune brukte dagen på Bjørn West-museet og Matre skule.

I lys av markeringa av 8. mai var det naturleg å reflektera litt over kva som fører til at nokon gjer "det rette" - det gode, medan andre endar opp med å utfordra både menneskerettar og menneskeverd gjennom sine handlingar.



Herdla Museum Saman med kommune og samarbeidspartnarar som BOF og DNT har museet fått på plass installasjonar og utstyr som har medverka til auka aktivitet på Herdla fort.

Vidare har museet etablert eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet knytt til naturformidling.

Museet har hatt to temporære utstillingar i 2022: «En dag i historien» - ei utstilling om historia til dei som overlevde Utøya den 22.07.11 v. fotograf Andrea Gjestvang og «Dyr du skulle ønske ikke fantes» - ei utstilling med fantasidyr skapt av Jo Nesbø, utlånt av Norwegian Toolbox.



Norges Fiskerimuseum gjennomførte fire framsyningar av teaterforestillinga "Tørrfisk og tresko" i sine lokale, i samarbeid med teatergruppa K13. Undervisningsopplegga "Luker, tau og årer" og undervisningsopplegga ved Storeblå visningscenter for havbruk var også fullbooka i heile 2022. Sistnemnte blei noko avbrote av tekniske utfordringar med båtar.



Ved **Bergens Sjøfartsmuseum** var formidlinga i starten av året noko prega av uvisse rundt koronasituasjonen. Utover året opplevde vi ein meir «normalsituasjon», og dette har gitt tydeleg utslag både i talet på skulebesøk, besøkstal forøvrig og annan formidlingsaktivitet.

I februar opna vi utstillinga «Sjøfolk i koronakrise». I oktober opna sjøfartsdirektør Knut Arild Hareide utstillinga «Skeive sjøfolk», eit tema som har blitt lite utforska og byggjer på forskning ved museet. Interesse for temaet har vore særst god, mellom anna med mange eksterne foredrag.

Eit anna høgdepunkt var utseld temakveld om krigsseglarar med journalist Ole Torp og historikar Guri Hjeltnes.

Vårt årlege store arrangement «Maritime familiedager» blei gjennomført for 26. gang første helga i november.

Vi har halde fram med den digitale satsinga, og oppretta ei ny stilling for digital formidling og marknadsføring. Vår Facebook-profil er svært aktiv (8500 følgjarar) og vi har fortløpande produksjon av nye podcastar.



Det Hanseatiske Museum markerte 150 års jubileum i 2022 med uteutstillinga "Hvem holdt til her"? Folk på Bryggen gjennom tidene" som delvis var tilgjengeleg for alle frå gatenivå på Bryggen og resten i uteområdet til Schøtstuene. "Hansaspelet.

"Kampen mot Tiden" blei lansert digitalt gjennom Voice of Norway og ein kombinert digital og fysisk versjon i Schøtstuene med målgruppe frå 10 år og oppover, med lansering helga 13. august. Vi inviterte mellomtrinnet til jubileumsuke i april med vekt på immateriell kulturarv som kommunikasjon på tidleg 1800-tal med heimsedlar (brev/handlelister som fiskarane i nord skreiv til kjøpmannen i Bergen) og tørrfisker si tyding som handelsvare. Aktivitetssløypa i uteområdet til Schøtstuene vart vidareutvikla med meir solide informasjonsplakatar.

Hansamarknad i september var eit ope arrangement for alle med Bryggen som arena og eit samarbeid mellom profesjonelle og frivillige. Vi tok del med Slekt- og Data, Hordaland sin årlege slektsdag.

DHM hadde gratisarrangementet "sommerkaffe" kvar onsdag kl. 12 gjennom heile sommaren, med varierte tilbod.

DHM er også involvert i arbeidet med det komande verdsarvsenteret. Gjennom heile året har arbeidet med utstillingane i Det "nye" Hanseatiske Museum prega museet sitt arbeid. Forventa opning blir i 2026.



MV gjennomførte arrangementet "Åpen dag" på Rundemanen Radiostasjon 5. september 2021. Dette var eit samarbeid med Norsk Teknisk Museum i Oslo, som har ansvaret for formidlinga ved stasjonen. Teknisk Museum ønskjer at MV skal halde fram med eit tilbod med fleire opne dagar for publikum i framtida, men måtte søkje Bergen kommune om dispensasjon for å kunne leggje inn vatn og avløp der oppe. Det vart innvilga mot slutten av 2022, og det vart halde nokre møte i 2022 om framtidige planar mellom MV og Teknisk Museum. Samarbeidet held fram, og det er planen å ha søndagsope frå 15. juni-15. september 2023.

MV har satsa vidare på MuseumsLosen (www.mulo.no), men arbeider no for at MuseumsIT kan overta drifta. Museumslosens Fagdag vart halde i oktober 2022 med 32 deltakarar. Fleire avdelingar har utvikla og laga nye undervisningsopplegg- også digitale. Talet på elevbesøk auka i 2022. Arbeidsgruppa for Digital formidling i MV vart oppretta i 2020. Gruppa har sidan hatt månadlege arbeidsmøte og vert leia av fagleiar for formidling. Vi har halde fram med satsinga på podkast og noko anna digital formidling med god respons. Det blei produsert 10 episodar i 2022 med eit totalt tal avspelingar på 1.676. Dette omfattar alle episodar produsert for Museum Vest Podden i 2022. Totale nedlastningar Podkast, You Tube og Facebook samla for MV var 8.525 i 2022.

På Digitalt Museum blei det publisert 3 artiklar. Det er totalt 37 413 unike sidevisningar fordelt på 20 625 brukarar totalt for Museum Vest. Dei fordeler seg på ulike innhaldskategoriar:

Objekttyper 2022

	↓ Unike sidevisningar	Brukere	Gjennomsnitt tid/side	Gjennomsnitt fluktfrekvens
Totalt:	37616.0	20625.0	0.01.10	63.78%
Gjenstand	24919.0	14617.0	0.01.19	64.47%
Fotografi	9663.0	3590.0	0.00.47	59.49%
Artikkel	2645.0	2135.0	0.03.22	71.91%
Mappe	259.0	200.0	0.02.07	48.71%
Utstilling	110.0	89.0	0.00.26	7.91%

Det står 37 616 i oversikta ovanfor. Talet varierer noko frå gong til gong og ifølgje KulturIT er det slik dette fungerer, det er eit ca.-tall.

Publikumsutviklinga er forankra i Strategisk vegkart MV for 2021-2025. MV har i 2021 samarbeidd med NPU og MHM (britisk firma) og gjennomført ei publikumsundersøking ved alle publikumsarenaene. Undersøkinga vart utvida ut sommarsesongen 2022. No held ein på med analysen. Målet er å avdekkje kven som besøker oss pr i dag for så å kunne arbeide målretta mot ei til to nye målgrupper vi ikkje når pr i dag. På denne måten kan vi inkludere nye besøksgrupper.



Trygg ivaretaking av samlingane

Gjennom helle året har vi flytta objekt i samlinga til betre magasin. Ved Bergens Sjøfartsmuseum er over 8000 gjenstandar og fragment flytta frå det ytre magasinet til kompaktmagasinet. Prosjektet blei utløynt av at taket på museet skulle skiftast, noko som også har bidratt til å gjere magasintilhøva betre enn dei var. Forutan magasinarbeidet ved Bergens Sjøfartsmuseum, har vi halde fram med flytteprosjektet på Bontelabo. Arbeidet med å pakke ned bibliotek, foto, arkiv og gjenstandar har vist seg å bli langt meir omfattande enn fyrst tenkt på grunn av spreiding av muggsopp i lokala. Mykje arbeid har blitt lagt ned i å tilpassa prosjektet dei nye tilhøva, men vi har lukkast med å etablere arbeidsprosessar som sikrar både samlingane og HMT. Vi har og lukkast i å forlengje fristen for utflytting frå 2023 til 2025.

Om lag 150 gjenstandar er flytta til Bevaringstenestene sitt magasin, og vi har sikra magasinane våre i Ytre Arna betre mot brann. Vi har og jobba med å skaffe nye magasin gjennom å bidra til utgreiinga om nytt fellesmagasin for musea i Vestland. Rapporten Samlingssentrum i Vestland - Frå fellesmagasin til heilskapleg samlingsforvaltning syner arbeidet som blei gjort i 2022. For Norges Fiskerimuseum arbeidde vi vidare med Grevstadboden som eit alternativ til framtidig erstatningslokale for Bontelabo. Samlingane frå Bontelabo og Ytre Arna er delvis planlagt inn i eit slikt nærmagasin og delvis inn i eit nytt fellesmagasin.

Dokumentasjon og digitalisering

I dokumentasjonssamanheng har vi prioritert å arbeide med registrering og digitalisering i pågåande magasinprosjekt, slik som den marinarkeologiske samlinga, som i samband med flyttinga blei registrert, fotografert, re-emballert og publisert på Digitalt Museum. Vi har og arbeidd med einsskilde gjenstandskategoriar og fotosamlingar, blant anna verktøysamlinga ved Kystmuseet i Øygarden. Registreringsetterlep innan fotosamlinga har vore særskilt prioritert hjå Bergens Sjøfartsmuseum og Nordsjøfartsmuseet.

Vi har jobba fram ei intern rettleiing for bruk av Museum Vests 3D-skanningsutstyr, og vi har delteke på møter og 3D-workshop i prosjektet «Digitalisering av tradisjonsbåter ved norske museer». Samarbeidet med Nasjonalbiblioteket kring digitalisering av audiovisuelle samlingar har heldt fram.



Heilskapleg samlingsutvikling

Vi har jobba med ein strategi for utviklinga av samlingane i Museum Vest. Særleg kan arbeidet med ein samlingsutviklingsstrategi knytt til Norges Fiskerimuseum si samling trekkast fram. Samlingsutviklinga har blitt løfta fram som tema i forvaltningsforum, og på regionalt nivå har Museum Vest arbeidd med tematisk ansvarsfordeling mellom musea i Vestland. Til dømes har vi i prosjektet Kartlegging og utvikling av båtsamlingane ved musea i Vestland hatt prosjektleiinga. Museum Vest deltek i referansegruppa for bevaringsplan for privatarkiv i Vestland, eit nyetablert regionalt nettverk for arbeid med fotosamlingane i Vestland og i Samlingsutvalet for musea i Vestland.

Både Norges Fiskerimuseum, Bergens Sjøfartsmuseum og Kystmuseet i Øygarden har arbeidd med å prioritera i eksisterande samlingar. I alle høve har sakshandsaminga tidvis konkludert med avhending eller kassasjon av objekt. Det har vore ei moderat innsamling i året som gjekk, men dokumentasjonsprosjektet «Skipet som hjem» hjå Bergens Sjøfartsmuseum kan trekkast fram som eit døme på innsamling av munnleg materiale.

I høve utstillingsprosjekt, har vi mellom anna arbeidd med samlingane i planlegginga av utstillingar i Det Hanseatiske Museum. Samlinga er kartlagt, det er gjennomført risikovurderingar knytt til sikring og utarbeidd analyser for trygg ivaretaking av ulike objektkategoriar i dei nye utstillingane.

Vi har i ei rekke tilhøve samarbeidd med Bevaringstenestene om planlegginga og gjennomføringa av bevaringstiltak knytt til dei ulike samlingane våre.

Innan bygningsvern har vi mellom anna skifta skifertaket på Saltebua på Kystmuseet i Øygarden. Som del av restaureringsprosjektet Det Hanseatiske Museum har vi deltatt i gruppa som har utforma antikvarisk konsept.



System og kompetanseheving

Fleire tilsette har delteke på kurs og eksterne seminar om samlingsforvaltning. Internt har vi fokusert på HMT og gjennomført kurs i samband med Bevaringstenestene om farlege stoff i museumssamlingar. Interkommunalt arkiv i Kongsberg har halde kurs for oss i handsaming av materiale med muggsopp i samband med nedpakkinga og utflyttinga av samlingane frå Bontelabo.

Det har blitt arbeidd med lansering av Spectrum 5.0 og oppdatering av Museums Vest retningslinjer for handsaminga av samlingane. Arbeidet vil halde fram også i åra som kjem.



Ein forskande kunnskapsinstitusjon

Forskinga i Museum Vest har i 2022 vore prega av både jamn aktivitet og utvikling av nye idear og prosjekt. Dei strategiske rammene og planverket som vart etablert i løpet av 2021 har ramma inn aktiviteten. Det har særleg vore lagt vekt på å utvikle forskingsfeltet som eit felles satsingsområde for Museum Vest. Eit viktig ledd i dette har vore å både vidareføre og styrkje samarbeidet med andre forskande museum og med forskingsinstitusjonar. Forskarfellesskapet i Museum Vest er karakterisert av både god formalkompetanse og vilje til å utvikle og gjennomføre forskingsprosjekt. Og vi har formaliserte strukturar med fagleiar for forskning, forskarforum og elles leiarar som har forskarkompetanse eller positiv interesse for forskning og forkinga sin nytte for den vidare utviklinga av Museum Vest som ein kunnskapsinstitusjon.



Samarbeid med andre museum og forskingsinstitusjonar

Samarbeid er tillagt vekt av både løyvende instansar og i våre eigne styrande dokument. Deltaking i eit større forskarfellesskap er då òg vesentleg for å kunne ta del i den kritiske delinga av kunnskap og kritikk som trengs for å kunne bidra til forskingsfronten.

I 2022 har Museum Vest tatt ein leiande rolle i utviklinga av forskningssamarbeid med andre museum og vidareført samarbeidet med vitskaplege institusjonar.

Gjennom det delte leiarskapet av prosjektet «Felles forskingsinfrastruktur for musea i Vestland», finansiert av Kulturrådet og fylket, har Museum Vest bidrege til utviklinga av eit musealt forskarfellesskap. Tiltaka er fleire, men i tillegg til eit større kartleggingsarbeid om vilkåra for forskning i musea har ein arrangert skrivesamlingar, seminar og lyst ut stipend. Dette har vore nyttige tiltak for alle musea i Vestland, og dei har blitt nyttiggjort av tilsette i Museum Vest.

Skrivesamlingane har til dømes gitt tid og struktur til fleire av dei i Museum Vest som har publisert eller har nærma seg publisering i løpet av 2022.

Infrastrukturprosjektet samarbeidde òg med Universitetet i Bergen om ein søknad på dei forskingsmidlane som Forskingsrådet stila mot museumssektoren. Dette prosjektet tok sikte på å utforska musea i Vestland sin samansette formidling og forståing av forholdet mellom natur og kultur. Forskingsideen og prosjektet vart utforma av leiinga i lag og bygde dermed dels på dei perspektiva Museum Vest sin deltakar i prosjektet bidrog med. Søknaden vart ikkje innfridd, men fekk svært gode vurderingar frå Forskingsrådet. Delar av prosjektet blir vurdert vidareutvikla innanfor rammene av infrastrukturprosjektet og eiga forskningstid i løpet av 2023 og 2024.



Samarbeidet med UiB har blitt vidareført i 2023 og omfattar både deltaking og bidrag i seminar og forum på UiB og i formaliserte samarbeid. Tilhørande siste kategori er forskingsprosjektet «Queerdom» som løpar fram til og med 2025 med både dokumentasjons- og forskingsbidrag frå Museum Vest. Vidare har ein av Museum Vest sine forskarar ein bistilling på UiB knytt til kurset vitenskapleg publisering for museumstilsette, medan UiB sin fremste faglege kapasitet på hanseatisk historie er i ein bistilling ved Museum Vest for å bidra til den faglege forankringa for det omfattande prosjektet Hanseatisk Museum. Som eit ledd i dette samarbeidet utvikla Museum Vest og UiB ein eigen søknad til Forskringsrådet med det føremål å utforske hanseatisk historie ut frå eit kjønnsperspektiv. Heller ikkje denne søknaden nådde gjennom nålauget, men hausta òg gode skussmål og vil bli utvikla vidare innanfor rammene til UiB og Museum Vest. I tillegg til samarbeidet med UiB har Museum Vest gjennom nettverk og einskildprosjekt hatt fruktbart samarbeid med fleire andre einskildmuseum og forskingsinstitusjonar. Her kan særleg nemnast samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet om fleire artiklar og forskingsidear.

Museum Vest har lang tradisjon med å ta initiativ og leiarskap i dei museumsnettverka vi deltek i. Som ei direkte oppfølging av konsolideringsavtalen frå 2019, vårt strategiske vegkart og forskingsplanen vart det i 2022 sett i gang eit forskingsprosjekt om verftshistorie. Museum Vest var vertskap for ein større workshop våren 2022 om emnet og følgde det vidare opp fram mot hausten. Ein oppnådde dermed å etablere eit samarbeid mellom bidragsytarar frå museumssektoren og akademia med det føremål å gi ut ein vitenskapleg antologi i 2025, fagleg og organisatorisk leia av Museum Vest.



KVA HAR BLITT PUBLISERT I LØPET AV 2022?

Fagtilsette i Museum Vest gav òg i 2022 vesentlege forskingsbidrag forankra i våre tema, perspektiv og samfunnsrolle. I alt vart det publisert tre fagfelleverderte artiklar: om loshistorie, forholdet mellom museum og skule og ut frå eit skeivt perspektiv på livet til sjøs. Vidare vart det gitt ut ei fagleg solid bok om bombinga av norske byar 1940.

Museum Vest har òg vidareført vårt ansvar med å redigere og å bidra med faglege artiklar til årboka «Havstrilen» i tillegg til fleire einskildbidrag til andre populærhistoriske publikasjonar. Talet på fagfelleverderte publiseringar er noko mindre enn i 2021, men truleg over snittet for museum av vår storleik. Samstundes er det naturleg med svingingar eller opphopingar av publiseringar ettersom både ideutvikling, skriveprosess og handtering av fagfellevurderingar samla sett fører til at ein forskingsprosess er mindre føreseieleg med tanke på tidsbruk enn meir rutiniserte gjeremål.

I tillegg til dei som vart publisert har det vore ein vesentleg produksjon fram mot kommande publisering. Ved utgangen av året var to artiklar anten i prosess med fagfellevurdering eller tilnærma klar til innsending, prosjektet «Motstandsarbeid på Vestlandet» vart gjort klart til sluttseminar og «Bergen og Sjøfarten bind VI» vart utvikla fram mot publisering i 2023.

Vidare er det utvikla ei rekke med idear til nye artikkelprosjekt i løpet av året.



Ved utgangen av året er det tale om minst seks konkrete forskingsidear som kan resultere i fagfelleverderte artiklar eller større forskingsprosjekt. Resultata, ideutviklinga og samarbeidet med andre institusjonar synleggjer samla sett at Museum Vest er ein institusjon med vilje og evne til forskning.

Nasjonale nettverk

Museum Vest er medlem av tre nasjonale museumsnettverk: Det nasjonale museumsnettverket for fiskeri og kystkultur (lederrolle), Det nasjonale museumsnettverket for demokrati og menneskerettigheter og Sjøfartsnettverket.



MUSEUM VEST SITT FORSKINGSPOTENSIALE

Museum Vest fekk god uttelling på Kulturrådet si årlege vurdering med toppscore for forskingsaktiviteten i 2021. Kva vurderinga vil bli for 2022 vil bli kjent i løpet av 2023, men ein kan truleg forvente høgste eller nest høgste score også for 2022.

Museumsvurderinga lagt til sides er det samstundes grunn til å hevde at Museum Vest har eit større potensiale som forskande museum enn den nåverande aktiviteten. Ei særleg utfordring i så måte er forholdet mellom formell forskingskompetanse og tid til forskning. Ved utgangen av 2022 var arbeidstida for dei med doktorgrad i det alt vesentlege bunden opp av andre oppgåver enn forskning.

Sterk forskarkompetanse i leiinga har samstundes hatt ein stor verdi for tilsette si kompetanseheving og utvikling innan forskning, men deira eigen moglegheit til å forske står ikkje i forhold til deira real- og formalkompetanse som forskarar. Det har difor i løpet av 2022 vore eit sterkare merksemd på å utvikle prosjekt og intern infrastruktur som aukar handlingsrommet for dei med doktorgrad.

Tilgangen på forskningstid er også allment i sektoren og for det museumsfaglege miljøet i Museum Vest ei varig utfordring. Og sjølv om knappleiken på ressursar er aktuelle problemstillingar for alle museale gjeremål, kan ein likevel hevde at den krev særskilt merksemd når det gjeld forskning fordi dette er eit arbeid som i særleg grad krev konsentrasjon og samanhangande skriveid.

